

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/14	Levekårsutvalet	PS	04.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Wergeland	FA - A20	14/626

Høyring - framlegg til endring av privatskulelova

Vedlegg:

Hoeringsnotat_endringer_privatskoleloven_midlertidig_dispensasjonsbestemmelse

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår levekårsutvalet til å drøfte saka og kome med innstilling til vedtak.

1) Framlegg frå Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Framlegg frå H / V / Krf / Frp:

Lindås kommune stiller seg positive til den midlertidige dispensasjonsbestemmelsen i privatskulelova.

2) Framlegg frå Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Framlegg frå Bjørn Brunborg (AP):

Lindås kommune ønsker en sterk og god offentlig skole med høy kvalitet. Dette kan best oppnås dersom ressursene blir værende i den offentlige skolen og ikke spredd til private skoler.

Etter gjeldende rett kan private skoler bli godkjente når virksomheten drives på en rekke ulike grunnlag. Lindås kommune mener at gjeldende lov bør videreføres og evt skjerpes.

Erfaringene med Clemets friskolelov fra 2003 er nedslående. Likevel har Høyre/Frp-regjeringen kommet med et hasteforslag om en midlertidig dispensasjonsordning for skoler uten særskilt formål. En slik åpning er alene tilstrekkelig for å skape et større kommersielt skolemarked. Det vurderes videre som uheldig at endring kommer som en dispensasjonsmulighet og ikke som en helhetlig gjennomgang av eksisterende lov og erfaring med denne. Det oppfattes som uheldig med en slik forskuttering av lovendring som det nå legges opp til, og vurderes til å svekke viktige demokratiske prosesser som bør følge en slik prosess.

Kompleksiteten og ressursbruken i tilsynene av privatskoler viser at friskolelovens åpning for kommersielle interesser har skapt behov for et omfattende tilsynsbyråkrati. Dette behovet vil øke dersom regjeringen åpner for et større kommersielt skolemarked. Erfaring er at privatskolenes virksomhet blir organisert i konsernstrukturering med bl.a. internkjøp av varer og tjenester. Jo større kompleksitet rundt organisering, jo mer ressurskrevende og omfangsrikt tilsynsapparat må etableres. Lindås kommune ser ikke at det er en ønsket utvikling av oppbygging av offentlig byråkrati og bruk av offentlige ressurser for å føre tilsyn med et større antall privatskoler.

Det heter «Friskoler skal ikke kunne betale utbytte til eierne». Lindås kommune oppfatter denne formuleringen uklar. Det er viktig å presisere at det gjelder enhver form for fortjeneste og ikke bare «utbytte».

Det må også være en klargjørende lovtekst som demmer opp for konsernløsninger og eventuelle krysseierskap som medfører at penger sluses ut av skolen ved bruk av nærliggende selskaper som ikke er underlagt lovens krav. Slike selskaper kan eksempelvis være knyttet til konsulentsvirksomhet, eiendomsselskaper, vikarbyråer o.l.

En lovendring må tydeliggjøre at eventuelle krav om tilbakebetalinger av urettmessige anvendte tilskudd, også kan rettes mot eiere eller investeringselskapene som står bak de aktuelle skolene. Slik regelverket er pr. i dag, kan eiere ta urettmessig utbytte, men krav om tilbakebetaling bare kan rettes mot skolene. I praksis kan da skoler gå konkurs, mens eiere sitter igjen med store utbytter.

Oppretting av privatskoler vil svekke det lokale selvstyret i kommunene og den demokratiske innflytelse på skolene. Dette er ikke en ønskelig utvikling.

Erfaringer har vist at det er kravet om alternativ formål som i størst grad har demmet opp for kommersialisering av skolen. Dette kravet må derfor opprettholdes.

Lindås kommune støtter ikke forslaget til endringer i privatskoleloven slik den er skissert i høringsnotatet.

Levekårsutvalet - 18/14

LE - behandling:

Handsaming i Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Framlegget frå H, V, Krf og Frp vart vedteke med 7 røyster (Anne Julie Hetland-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Odin Kristiansen-V, Asle Hetlebakke-Krf, Elin Mosevoll-Krf, Gunnlaug Melhus-Krf og Gudmund Husdal-Frp)

Framlegget frå Bjørn Brunborg (Ap) fekk 3 røyster og fall (Bjørn Brunborg-AP, Mette Bøe-AP og Jostein Hellestveit-Sp)

LE - vedtak:

Innstilling frå Levekårsutvalet 04.03.2014

Lindås kommune stiller seg positive til den midlertidige dispensasjonsbestemmelsen i privatskulelova.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet har sendt ut framlegg til endringar i lov av 4.juli 2003 nr.84 om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova).

Framlegg til § 2-1 nytt tredje ledd:

«Departementet kan i særskilde tilfelle gi godkjenning til private skular som ikkje fyllar kravet om grunnlag i andre leddet.»

Vilkåra for godkjenning av private skular med rett til statstilskot er endra fleire gongar dei siste åra. Det same gjeld nemninga på skulane (privatskular versus friskular). Regjeringa Solberg arbeider for ein ny friskulelov (i dag privatskulelov). Kunnskapsdepartementet tek sikte på å sende framlegg til meir omfattanda og permanente lovendringar på høyring hausten 2014. Framlegget som no er sendt ut, vil gjere det mogleg å godkjenne enkelte skular inntil ny lov er på plass.

Framlegget har bakgrunn i regjeringa Solberg si politiske plattform der det står:

”Regjeringen vil åpne for at flere kan drive offentlig finansierte friskoler, og gjeninnføre en lov om frittstående skoler der kravet til formål erstattes med krav til innhold og kvalitet. Skoler som oppfyller vilkårene skal ha rett til godkjenning, med mindre en helhetsvurdering tilsier at godkjenning vil gi negative konsekvenser for det offentlige skoletilbudet. Regjeringen vil vurdere kapitaltilskudd til etablerte friskoler for oppgradering av eldre bygningsmasse. Friskoler skal ikke kunne betale utbytte til eierne.”

Vurdering

I samband med innføring av friskulelova i 2003, vart det innført *«rett til godkjenning såfremt dette ikkje ville medføre vesentlige negative konsekvensar for vertskommunen eller vertsfylket»*. Vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka. I samband med søknadar om oppretting av privatskular/friskular har rådmannen vurdert kvar enkelt søknad med omsyn til ulike konsekvensar for kommunen og skular i kommunen; elevtal, kapasitet og økonomi. Siste sak vart handsama i august 2010 i samband med søknad om oppretting av Danielsen skule på Frekhaug. Levekårsutvalet vedtok da følgjande: *«Lindås kommune er positiv til alternative skular og ynskjer Danielsen skule velkomen i Lindås»*. I framlegget frå departementet går det fram at departementet vil legge vekt på om dispensasjonen vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen eller for allereie etablerte private skular i det aktuelle området.

Konklusjon

Rådmannen ser det som vesentleg å greie ut konsekvensar i samband med konkrete søknadar om

oppretting av privat skule. Denne høyringa har derimot ein meir prinsipiell og politisk karakter. Rådmannen rår derfor levekårsutvalet til å drøfte saka og sjølv kome med innstilling til vedtak.